

PROTOKOLL

Møte i Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS

Møte: 1-2015

Tid: Fredag 24. april kl. 09:00 - 10:00

Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Til stades:

Ordfører:	Jon Askeland, Kari Aakre, Per Lerøy, Astrid A. Byrknes, Hallvard Oppedal, Kristin Handeland, Knut Moe, Marit Steinestø (varaordfører Masfjorden), Lars Barstad (varaordfører Meland)
Rådmenn:	Reidun Halland, Øivind Olsnes, Jarle Landås, Svein Helge Hofslundsengen
NUI:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss, Håkon Matre (styreleiar), Torbjørn Nævdal (styremedlem)
Forfall:	Nils Marton Aadland, Karstein Totland, Jan Olav Osen, Odd Ivar Øvregård, Ingvild Hjelmtveit, Ørjan Forthun Raknes, Vidar Bråthen

Sak 1/15	<p>Godkjenning møteinnkalling og sakliste</p> <p>Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.</p>
Sak 2/15	<p>Val av to representantar i tillegg til leiar for underskriving av protokoll</p> <p>Samrøystes vedtak: Kari F. Aakre og Hallvard Oppedal vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.</p>
Sak 3/14	<p>Godkjenning av protokoll møte 1-2014, 12. desember</p> <p>Samrøystes vedtak: Møteprotokoll frå møte 1/2014, 12. desember vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 4/14	<p>Region Nordhordland Helsehus – utvida rammer – areal og lån Styreleiar Håkon Matre, styremedlem Torbjørn Nævdal og dagleg leiar Rune Heradstveit viste til saksframlegget (vedlegg) og informerte nærare om bakgrunn for at styret ber Representantskapet fremja sak for kommunane om å auka arealramma for bygget til 12000 m² og låneramma til kr 450 millionar.</p> <p>Samrøystes vedtak</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Representantskapet ber styret i RNHI fremja sak for kommunane om å auka ramma for storleiken på bygget til 12000 m². Regionen vil då få eit best mogeleg framtidsretta bygg når det står ferdig i 2018 og vera med å sikra nødvendig areal for framtidsretta tenester for innbyggjarane. ▪ Representantskapet ber styret i RNHI fremja sak for kommunane om å endra selskapsavtalen §7-4 og at høgaste ramma for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til 450 millionar kroner. ▪ Representantskapet ber styret i RNHI fremja sak for kommunane om å endra selskapsavtalen §5-1 til «Styret består av 5 medlem» og § 5-4 til «Kvart styremedlem har ei røyst. Styret kan ta avgjerder når minst tre av medlemene er til stades».

Knarvik, 24. april 2015

Jon Askeland
Møteleiar Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS

Kari F. Aakre
Medlem Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS

Hallvard Oppedal
Medlem Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS

Vedlegg:
Sak 4-15 Saksframlegg om utvida rammer – areal og lån